Førsteblad

# Norsk Etnologisk gransking.

Emne nr: 36 — Nord-Trøndelag.
Emne: Helsing — Leksvik.
Oppskr. av: Johannes Hagen. — Blankbygda.
(adresse): Leksvik. — Røstad nordre.
G. nr. 34 Br. nr. 2.

1.

## Svar

## Helsing, fakter og åtferd.

1) Når ein bukkar med hovudet er det ja, ristar ein på hovudet er det nei.
2) Det har og er mest brukt og helsa på alle anten dei er kjende eller ukjende.
3) nokon regel har det ikkje vori
4) Om morgonen sa ein „go ~~t~~ morn", om dagen „go-dag" og om kvelden „go-kvell." Karane letta på hovudplagget eller dei bukka berre, likeså gutungane. Kvinnene nikka og gjentungane neia.
5) Når ein møtte presten eller ein annan embetsmann tok karane alltid av seg hatten eller huva.
6) Kjenner ikkje til at det er brukt.
7) Nei
8) Når dei kom ilag til bryllups eller gravferds eller anna gjestebod handhelsa dei på kvarandre. Dei aller mindste borna kunne det bli så som så med ~~sa~~ å helsa på. Nokre handhelsa på dei, andre ikkje.

7657

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9) Å klappa kvarandre på oksla har vori lite brukt.

10) Når dei var ved kyrkja tok dei av seg hatten når klokkone ringde, eller gjorde dei det ikkje, korkje på åkeren eller andre stader. Om kvinnene gjorde noko er meg ukjent.

11) Dei tok av seg hovudplagget og stansa opp medan likferda drog framom. ~~Elles~~ veik dei helst til side så dei slapp å møta dei.

12) Nei

13) Noko visst klokkeslett er og har det ikkje vori. Om sommaren blir det helsa godag mykje tidlegare og gokveld seinare enn om vinteren.

14) Usømeleg er det ikkje rekna for, men det vart flira åt det før. No er det ein og annan som seier gomorn heile døgnet, så folk synest ikkje det er så rart lenger.

16) Dei feste held seg framleis til tida ~~på~~ i døgnet, men ein og annan har teke til med „morn" heile dagen. Men det er i dei aller siste åra det er vorte.

17) „Guds fred" er lite brukt, men „velsign maten", „velsign arbeid", „velsign kvila", „velsign dagje" har og er mykje brukt, men det tek til og verta ein del som ikkje vil ynskja folk slik sæla. Og for alle velsign ynskje svara ein „takk".
Andre tiltalemåtar med velsign er ikkje brukt, i allfal i seinare tid.

7657

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 2
Emne nr. 36
Helsing

(19) Er det ingen inne anna enn den som fylgjer han inn tek han ikkje opp helsinga, men er det folk inne helsar han på dei.
20) Ein bad om å få snakka nokre ord med han, og så fylgde husfaren til ein stad dei van toeine, anten til gangen eller til eit anna rom, eller var det godt ver også ut på tunet.
~~20~~ 21) Før var det aldri brukt å banke på döra, men no er det ålment brukt. Det er vel ein tretti år sidan det tok til å bli ålmen skikk.
22) Dei svarar „kom inn", ein og annan „varsågo", og den som kjem går inn tek av seg haueplagget er det karar, helsar gomorn, godag eller gokveill etter som det höver med tida på dagen. ~~F~~ Kvinnfolka har hauplagget på.
23) Dei gjek ikkje og sette seg før dei vart bedne om det.
25) „Trampå og sett", eller „varsågo og sett"
26) Nokon skilnad på folk vart det ikkje gjort unnateke fater, da kunne det bli berre som så med setuplassen.
27) Ukjende vart helsa nett som kjende og det vart ikkje gjort meir krus for dei som for andre.
29) Før var det ingen skilnad når det kom innbedne gjester eller ubedne. Dei kom inn i stova og helsa og verfolket svara og bad dei ~~sett~~ sitje. No blir innbedne gjester tekne mot i gangen og ynskja vel-

7657
NORSK ETNOLOGISK

komme og bedne inn.

30) Var det seint om kvelden dei gjek sa dei „gonatt" elles sa dei „fårvel", og ein svara med same ordet. No er det mange som seier „adjø". Det er dei siste 15–20 åra dette ordet er kome så i moten i bygda. Dei fleste som brukar det veit ikkje kva det tyder.

31) Var det kjenningar og skyldfolk som sa kvarandre farvel for lengre tid tok dei kvarandre i handa og bad kvarandre „låvå vel", og den som skulde reise vart ynskt „go. tur" eller „løkksam reis"

Og var det ein som låg for døden ynskte dei han løkksam reis.

32) Kyssing til farvel er ikkje brukt, korkje før eller no. Det er berre forlova og forelska folk som har brukt det

39) Det har vore lite brukt, men det kalla å „bytt nasi"

41) Det veit eg ikkje er brukt.

42) Ja, forlova folk, det kallar dei „å gje kjinnbein"

43) Som sagt millom forlova par.

44) Ordet „te løkk" blir brukt i mange høve, i jula, påska, pinsa, 17 mai og andre festdagar, når ein har årmålsdag, når ein har fått seg noko nytt, trulovinga, bryllups, barnefødsel. m. m.

7657

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 3
Emne 36
Helsing

45) Dei seier: „te lökk med jula"
med påska, "med pinsa, "med dagen,
med nyåret, med forlovelsa, med giftinga
eller ekteskapet. m. m.
„Gratüleri" ~~bl~~ også brukt like mykje
som „te lökk" ~~med~~"

46) Ved „dödsfall" „kondolerer" dei no,
før sa dei ingen ting

47) Med å seia „takk"

48) Nei det er ikkje brukt, korkje
før eller no.

49) Vanduyrdnad synte dei mest
med å klappa seg i baken
eller „klapp sæg i rauven" som
det blir sagt, og med å spytta
etter den ~~dei~~ mislikte.

50) I og Jer er aldri brukt i bygda-
målet. Før sa folk alltid „du" til
kvarandre. No seier dei „de" til
den dei vil syne större vyrdnad,
„du" seier dei til sine jamlike.

51) Nei, det blir ikkje ~~brukt~~ sagt

7657

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING